



### Nestleiar i Nei til EU

Ådne Naper (bilete) frå Skien blei på helgas landsmøte i Nei til EU valt inn som nestleiar i Nei til EUs landstyre. Stein Roger Sundberg Bjerkeley, leiar i Telemark Nei til EU, er godt fornøgd med dette valet. Han seier at Nei til EU nå trappar opp arbeidet med ei folkeavstemming om EØS.

### Aukande ledigheit i Telemark

Ved utgangen av november var det registrert 2.816 heilt arbeidsledige ved NAV i Telemark. Dette er ei auke på 13 prosent samanlikna med november i fjor. Ikkje eingong under finanskrisa var det så mange ledige som i november. Ein må tilbake til 2004 for å finne høgare ledigheit. På landsbasis auka ledigheiten med fire prosent i samme periode. Arbeidsledigheiten er nå 3,2 prosent i Telemark mot 2,6 prosent på landsbasis. Ledigheiten aukar jamt i alle aldersgrupper med unntak av gruppa 20-25 år der ledigheiten er stabil. Det er framleis blant menn at ledigheiten er høgast.



**Fakta på bordet.** Forstudien er klar, no skal innhaldet vurderast. F.v. Olav Kasland (V), Bø, Sven Tore Løkslid (Ap), Hjartdal, Jon Svartdal (KrF), Seljord, Hans Sundsvalen (Ap), Sauherad, Bjørg Tveito Lundefaret (Ap), Nome, Jørn Christensen (H), Notodden.

# – Spennande behandling

**– Det blir spennande, seier ordførar på Notodden, Jørn Christensen, om behandlinga av Lifjell rundt-forstudiet. Han var initiativtakaren, men for Notodden er Kongsberg også eit alternativ.**

*Marta Kjøllesdal*

*marta@boblad.no – tlf 976 88 692*

Jørn Christensen er den som sette det heile i gang etter at han inviterte kommunane rundt Lifjell pluss Tinn til eit møte om mogleg kommunesamanslåing for snart eitt år sidan. Tinn trekte seg som kjent ut og Nome kom inn.

Forstudierapporten inneheld fakta om dei aktuelle kommunane

ne som politikarane skal bruke til å vurdere kva ein skal gjere. Den 29. januar skal rapporten opp i alle kommunestyra.

På Notdden er det ikkje planlagt nokon folkemøte i regi av politikarane før kommunestyret behandlar saka, men biblioteket vil gjere det som ein offentleg institusjon.

### Kongsberg på gjerdet

Eit anna alternativ for Notodden er ei samanslåing med Kongsberg. Christensen seier at det ikkje er formelle kontaktar, men utformelt snakkar ein saman.

– Det var eit sonderingsmøte mellom kommunane i Numedal og Kongsberg, men det førte ikkje fram. Ordføraren på Kongsberg ser situasjonen an, men det startar å røre på seg no,

seier Christensen.

Christensen seier at mange i Notodden ser det som naturleg å vende seg mot Kongsberg-regionen. Det er alt eit regionsarbeid mellom dei, der er også Tinn og Hjartdal med. I eit vedtak i kommunestyret har han fått fullmakt til å sondere interessa i aktuelle kommunar.

– Eg har ei klar haldning, me må bli del av ein større kommune. Me vil aktivt prege den sjølv, me vil ikkje at Fylkesmannen eller andre skal gjere det, seier Christensen.

### Fleire alternativ

Ordførar i Hjartdal, Sven Tore Løkslid (AP), meiner det er grunnlag for å gå vidare. Sjølv om haldninga til alternativet Lifjell rundt er lunken i kommu-

nen ser han ikkje nokon grunn for å forkaste alternativet no. Kommunen ser i tillegg på andre alternativ som Gaustatoppen rundt. Det er også eit alternativ å stå åleine, det er det opning for. Men Løkslid ser også at det er ein pisk bak, det er at det økonomiske systemet skal reviderast.

Eit samarbeid med Vest-Telemark er ikkje tema.

### Skepsis i Nome

Bjørg Tveito Lundefaret, ordførar i Nome, tykkjer rapporten er god med mange fakta. Ho trur likevel at fleirtalet i kommunestyret vil gå mot å gå vidare. Tveito Lundefaret ventar også på ein rapport som ser på Grenlands-kommunane som aktuelle kandidatar til å slå Nome saman med. Den skal vere ferdig til våren.

Jon Svartdal (KrF), ordførar i Seljord, ser framleis vestover først. Rett før Lifjell-rapporten var ferdig behandla Vest-Telemarkrådet ein liknande rapport for Vest-Telemark. Rådet ville ikkje gjere vedtak om ein skal gå vidare, det sende saka over til dei ulike kommunane. Alternativ til samanslåing for Vest-Telemarkrådet er å samarbeide tettare. Kommunalminister Jan Tore Sanner har på si side sagt at det aukande interkommunale samarbeidet svekkjer lokaldemokratiet.